

## Saksprotokoll i hovudutval for næring - 24.06.2021

**Noralf Distad (H)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, da han sit i styret til Nærøyfjorden verdsarvpark, som er ein av søkjarane for tilskot. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at han var inhabil til å delta i sakshandsaminga etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e nr 1. Han tredde frå sakshandsaminga.

**Sigrid Brattabø Handegard (Sp)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, Krf, Frp, H fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Hovedutval for næring vedtek medfinansiering av 20 utviklingsprosjekt med løyving kr 12 000 000.

2. I tillegg til innstilte prosjekt frå Rådmannen prioriterar hovudutvalet kr 359 000 til "Utvikling av prosjektet Geopark Sunhordaland " Dette er eit prosjekt det har vore arbeidd med over tid, og som er høgt prioritert av regionen. Løyving til prosjektet " Grøn 2030 - Sirkulære foretningsmodellar i praksis" vert redusert med kr 200 000»

### **Avrøysting**

Det var 13 representantar til stades.

Handegard sitt forslag vart satt opp mot fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag, og Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Hovudutval for næring vedtek medfinansiering av 20 utviklingsprosjekt med løyving kr 12 000 000.

2. I tillegg til innstilte prosjekt frå Rådmannen prioriterar hovudutvalet kr 359 000 til "Utvikling av prosjektet Geopark Sunhordaland". Dette er eit prosjekt det har vore arbeidd med over tid, og som er høgt prioritert av regionen. Løyving til prosjektet "Grøn 2030 - Sirkulære forretningsmodellar i praksis" vert redusert med kr 200 000.